



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
16.02.2018
Dykkar dato
25.01.2018

Vår referanse
2018/1393 421.3
Dykkar referanse

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Uttale til dispensasjon til ny grunneigedom for fritidsbustad på gnr. 64 bnr. 4, Haugstad - Radøy

Vi viser til brev frå kommunen datert 25.01.2018.

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå plankrav for oppretting av ny grunneigedom for fritidsbustad. Det var opphaveleg søkt om to nye eigedomar, men søknaden som gjeld tomt B er trekt.

Eigedommen ligg i område som etter Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23 har arealføremål byggeområde for fritidsbustad. Det er plankrav på området.

Fylkesmannen si vurdering

Dette området er delvis utbygd, men det er framleis plass til ein god del fleire fritidsbustader her. Det er også press på å få bygge naust og bryggar i området. Fylkesmannen si vurdering er at det er uheldig å gje dispensasjon frå plankravet her. Det kan føre til ein gradvis utbygging med dårlege løysingar.

Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon frå plankrav.

Med helsing

Egil Hauge
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
rådgjever

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.